


MYRDRYRKINGSFELT PÅ LOFTHUS I RAULAND TELEMAR.

Av fylkesagronom Tarjei Aasland.

FELTET er på 1,2 dekar og ligg umlag 750 m. o. h. på ei temmeleg blaut myr i sud eller sudvest hall. Myra er ujamn. I øvre kant er ho snaut 1 m. djup, men i nedre kant er ho helst svert djup. Sume stader var ho tilvukse med myrgras — bjørnebunke og starr —, andre stader var svert mykje mose og rape — dvergbjørk. Dei verste mose-tuver vart avhogne og burtkøyrd.

På nord- og vestkanten — sjå kartet — er lagd opne grefter. På aust- og sudkanten og midt etter feltet er attlagde tregrefter. Alle grefter vart lagd over 1 m. djupe. Det visa seg snart at feltet ikkje vart turt nok med desse grefter, og difor vart det sumaren 1932 grave ei ny greft som visa på kartet.

Feltet vart arbeid ferdig våren 1930. På halve feltet vart påkøyrd mineraljord — leirgrus — teken av ein vegskråning. Halve feltet vart og kalka med 2 hl. brend kalk, sjå kartet. Det vart elles utsådd 60 kg. superfosfat, 30 kg. 40 % kali og 18 kg. kalkkammonsalt-peter jamnt over heile feltet. Jordi vart so arbeid og tilsådd med denne grønforblanding: 12 kg. havre, 10 kg. bygg og 6 kg. gråert pr. dekar. Samstundes vart utsådd: 2 kg. timotei, 1 kg. engsvingel, 0,5



Tabell 1.

	Horva						Pløygd 20 cm.						Brote 40 cm.						
	Med sand			Utan sand			Med sand			Utan sand			Med sand			Utan sand			
	Med kalk	Utan kalk		Med kalk	Utan kalk		Med kalk	Utan kalk		Med kalk	Utan kalk		Med kalk	Utan kalk		Med kalk	Utan kalk		
1933 Avling pr. rute	31.20	18.75	28.29	24.36	33.15	19.70	37.05	27.05	27.80	18.10	29.25	32.50	33.40	16.15	26.17	11.50	440.0	423.8	553.0
Do.	33.31	13.70	31.08	15.30	21.03	8.50	23.00	7.90	83.40	16.15	26.17	11.50	33.40	16.15	26.17	11.50	440.0	423.8	553.0
1933 Avling pr. dekar	545.1	324.5	593.7	396.6	541.5	282.0	600.5	349.5	612.0	342.5	554.2	440.0	612.0	342.5	554.2	440.0	440.0	423.8	553.0
1931 Avling pr. dekar	416.1	325.8	478.0	368.7	678.4	261.2	809.6	364.6	740.1	524.2	624.5	423.8	740.1	524.2	624.5	423.8	440.0	423.8	553.0
1932 Avling pr. dekar	617.9	365.9	571.4	404.4	558.4	240.6	702.8	485.7	833.4	691.6	846.8	553.0	833.4	691.6	846.8	553.0	440.0	423.8	553.0
Gj.snitt for 3 år	526.4	338.7	547.7	386.6	592.8	261.3	704.3	400.0	728.5	519.2	675.2	472.3	728.5	519.2	675.2	472.3	440.0	423.8	553.0

Gj.snitt pr. dekar for 3 år for horva 449,8 kg.

—>—>—> » pløgd 20 cm. 478,3 »
 —>—>—> » brote 40 cm. 598,8 »
 —>—>—> » kalk med sand 615,9 »
 —>—>—> » utan kalk, med sand 373,1 »
 —>—>—> » kalk, utan sand 642,4 »
 —>—>—> » utan kalk og utan sand 419,6 »

kg. kvein, 0,5 kg. engrapp og 1 kg. alsikekløver, i alt 5 kg. pr. dekar. Våren 1932 vart det sådd timoteifrø i dei bare flekker for å få feltet noko jamnare. I 1931, 1932 og 1933 er heile feltet gjødsla med denne blanding: 50 kg. superfosfat, 25 kg. 40 % kali og 20 kg. kalkammonsalpeter. *Ikkje* noko år har *feltet* fenge *naturgjødsel*.

Grønforavlingi sumaren 1930 var ujamn og dårleg. Seinare er høyavlingi vege kvart år og resultatet er som visa i tabell 1. (Avlingi er vegen rå, nyslegen, og der er teke turkebuntor og etter å ha vege desse både rå og turre er avlingi umrekna til turt høy.)

Det er stor skilnad på avlingi frå dei ymse rutor. Dette var noko ein måtte venta på grunn av skilnad i arbeidsmåte m. m., men skilnaden kjem ikke berre av dette. Myri var som fyrr nemnd ujamn, der var ikkje få svarte flekker, og dette har hatt stor innverknad på avlingi.

Kløveren har gjort svært lite av seg, han gjekk fort ut. Timoteien har og minka sterkt og har gjengi ðeilt ut på dei ukalka rutor.

Kalken har gjeve bra utslag, slik ein kunde vente på denne myr.

Mineraljordi derimot har gjort lite av seg i god lei, ja har beint fram gjort skade på fleire av rutone. Dette er underleg, då myri er slik at ein kunde vente god verknad av å køyre på mineraljord, og den jord som vart påkøyrd, såg og ut til å vera god.

LITTERATUR :

Redaksjonen har i den senere tid mottatt en rekke viktige avhandlingar og beretningar til anmeldelse. Flere av disse omhandler imidlertid spørsmål som ligger langt utenfor rammen av vårt tidskrifts oppgave, og innsenderne må derfor ikke opfatte det som en undervurdering av vedkommendes arbeide at vi ikke kan ofre plass til en anmeldelse. Vi gjengir nedenfor en fortegnelse over mottatt *landbrukslitteratur*, og beklager at en nærmere omtale også av denne må sløifes på grunn av plassmangel:

Romell, L. G.: En biologisk teori för mårbildning och måraktivering. Stockholm 1934.

Dittrich, Josef: Die Moore Nordostböhmens, Sebastiansberg 1933.

Nielsen, N. C.: Kalkningens Økonomi. Danske Kalkforsøk i samlet Bearbeidning, Viborg 1934.

Osvald, Hugo: Vegetation of the Pacific Coast Bogs of North America. Acta Phytogeographica Suecica, Uppsala 1933.

Do.: Törvjordarnas gödsling. Göteborg 1934.

Do.: Slåttertidens inflytande på höskördarnas storlek och fodervärde. Jönköping 1933.

Do.: Svenska Mosskulturforeningens försöksverksamhet år 1933.

Nässjö 1933.